

Styremøte 2-2015 - Referat

Måndag 20. april 2015 kl. 18:00 hos Inge

Desse møtte: Terje Edvardsen, Alvin Honningsvåg, Arne Hjertenes, Jan Lundebrekke, Inge Bakke

Sak 1: Orientering om erfaringane med det nye regnskapssystemet

Det nettbaserte systemet fra Sendregning.no er lett å bruke. Medlemsdata ble lagt inn i systemet via eit rekneark frå oss. Det samme gjeld våre «vareslag», dvs. typer av betalinger som kan vere aktuelle (medlemsavgift, straum, frikjøp dugnad osv.). Deretter er det enkelt å sende ut rekningar og holde kontroll med kva som er betalt. Det er enda lettare å sende purring dersom det vert naudsynt.

Men det er ikkje mogeleg å sende opne rekningar, dvs. rekningar der summen kan fyllast ut av medlemmet sjølve, avhengig av om dei også skal betale for straum eller frikjøp dugnad, slik vi gjorde før. Neste år må vi derfor avklare på førehand kven som skal betale for straum eller frikjøp, slik at vi kan sende berre ei rekning, og ikkje to, slik som i år.

VEDTAK: Straks etter kvart årsmøte, og før krav om medlemsavgift sendast ut, må det avklarast kven som skal betale for straum og/eller frikjøp dugnad.

Sak 2: System for innbetalningar for bruk av slippen

Med det nye fakturasystemet frå Sendrekning.no kan vi ikkje fortsette å bruke giroblanketter langt i kassen på slippen. I staden for må bruk av slippen registrerast. Deretter sender vi rekning på beløpet. Dei som bruker den store slippvogna må ha hjelp av ein frå hamnelaget og slippingen blir skrevet inn i loggboka. Men når det gjeld dei som bruker eigen vogn må vi ha eit anna system.

VEDTAK: Plakat med prisoversikt på slippen må få eit tillegg der det står at medlem som bruker slippen til sjøsetting eller opptak med eiga vogn, må sende ein SMS til eit oppgitt mobilnummer med melding om kva slags teneste vedkomande har nytta seg av.

Ikkje-medlem må ta kontakt med ein av kontaktpersonane for slippen som sørger for å registrere tenesten. Han kan eventuelt ta imot kontant betaling.

Sak 3: Bakgrunn for fritak for medlemskontingent for styremedlemar og varamedlem

Styremedlemmane har, i alle fall dei seinaste åra, vore fritakne for betaling av medlemsavgift. Dette har vore ein kompensasjon for arbeidet i styret. Men denne regelen er ikkje nedfelt i vedtektene.

VEDTAK: Styret gjer framlegg til årsmøtet om å gjere følgjande endring i *paragraf 6 Medlemsplikter*:

Noverande tekst:

1. Alle som har kjøpt andelar i hamna pliktar å betale årlig medlemskontingent. Årlig medlemskontingent vert fastsett av årsmøtet i Holmavika hamnelag.

Ny tekst:

1. Alle som har kjøpt andelar i hamna, med unntak av dei som for tida er medlem eller varamedlem i styret, pliktar å betale medlemskontingent. Årlig medlemskontingent vert fastsett av årsmøtet i Holmavika hamnelag.

Sak 4: Førebuing av dugnad i mai:

- Fastsettjing av dato
VEDTAK: Lørdag 6. juni 2015. Førebuingssarbeid fredag 5. juni.
- Bestillingar av nye flyteelement for brygge A, inkl. kontainer
VEDTAK: Bestilling via Bygger'n Selje.
- Flytting av båtar.
VEDTAK: Dei som har båtar på brygge A må få melding om at båtane må flyttast i samband med dugnaden.
- Avtale om kranbåt frå Marine Harvest
VEDTAK: Avtale ok. Ronny Årvik.
- Førebuing av fester for redningstau
VEDTAK: Drøfting på staden vedrørande løysing.

Sak 6: Innkjøp av utriggarar for nye båt plassar og medlemmar som vil bytte

VEDTAK: Terje og Inge får fullmakt til å bestille nødvendig antall utriggarar med tilleggsutstyr og frakt.

MØTET SLUTT